



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, møterom 1
<b>Dato:</b>	09.11.2015
<b>Tid:</b>	13.00 – 16.30

### Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

### Forfall:


### Varamedlemer som møtte:


### Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Ida Birgitte Marholm	Sekretær	Ikkje i sak 35

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	
---------------	----------------------------	--

### Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møte:

Olaus-Jon Kopperstad	Rådmann	I sak 36

### Andre som møtte:

--	--	--

**Gerhard Furø**

**Stian Elveseter**

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
31/15	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
32/15	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
33/15	MELDINGAR
34/15	ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT ARBEID
35/15	REVISJONSPLANLEGGING 2015 – FINANSIELL REVISJON
36/15	TERTIALRAPPORTERING PR 01.09.2015



Overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll  
Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll  
Andre oppgaver - kven kan pålegge det  
Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan  
Kva saker skal direkte til kommunestyret og kva skal utvalet uttale seg om

- Kontrollutvalet skal ikkje vere ein arena for politisk omkamp
- Korleis skal kontrollutvalet verte kjent og få respekt for sine saker
- Kontrollutvalsboka
- Tilhøvet til revisjonen
- Orientering i kommunestyret om kontrollutvalet / Årsmelding for kontrollutvalet
- Kontrollutvalet si heimeside
- Lukking av møte
- Inhabilitet
- Aktuelle kurs, lokale og sentrale
- Andre spørsmål som måtte kome opp
- Evt. fordeling av arbeidsoppgaver i utvalet

Spørsmål undervegs og til slutt i orienteringa.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa i saka til vitende.

Sak 36 vart teken før sak 35.

## **SAK 35/15 REVISJONSPLANLEGGING 2015 - FINANSIELL REVISJON**

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet i medhald av Kommunelova § 31 nr 3. Jf. Offl. § 24, i samband med at revisor gikk igjennom planleggingsdokumentet for finansiell revisjon for 2015.

### **Vedlegg**

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon.  
**(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.)** Utdelt på møtet.

### **Saksopplysningar**

For å utføre ein forsvarleg revisjon har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, i samsvar med regelverket, utarbeida revisjonsplanlegging for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2015.

Revisjonsplanlegginga består av flg. dokument (som er unnateke off. innsyn):

- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområdenivå

- Transaksjonsklasser
- Kontosaldoar
- Tilleggsområder
- Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå igjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek til etterretning revisjonsplanlegging 2015 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

## **SAK 36/15 TERTIALRAPPORTERING PR 01.09.2015**

### **Vedlegg**

Formannskapssak 187/15 Tertialrapportering

Formannskapssak 192/15 Budsjettkontroll per 30.09.15 (Utdelt på møtet)

### **Saksopplysningar**

Viser til rådmannen sin tertialrapport pr. 01.09.2015, og saksutgreiinga der.

Det er viktig at kontrollutvalet er orienterte og difor vert rapporten teken opp i utvalet som sak.

Rådmannen ynskjer tilbakemelding på struktur og innhald i rapporten, jf. vurdering og konklusjon i saksutgreiinga. Eg går ut frå at det må gjelde kontrollutvalet også.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek tertialrapportering pr 01.09.2015 til vitende.

**MØTET SLUTT.**

### **Møteprotokollen går til:**

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Rådmann til orientering

Ordførar til orientering